

Saksbehandlar: Arne Monrad Johnsen, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/8675-1

Innspel til jordbruksforhandlingane 2018

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for næring og kultur til å gje slik tilråding: Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt hovudinnspele til jordbruksforhandlingane 2018 er at jordbruksoppgjere må stimulere til jamn, stor og berekraftig verdiskaping i landbruket, som igjen fører til fleire arbeidsplassar i fylket. Gardsbruka i Sogn og Fjordane, og landet elles, må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Konkrete innspel til jordbruksforhandlingane:
 - a. Det må leggjast til rette for betre økonomi på mindre og mellomstore einingar.
 - b. Det trengst verkemiddel og betre ordningar for å skape balanse mellom tilbod (produksjon) og etterspørsel (marknad).
 - c. Det er trong for større handlingsrom for regional forvaltning av IBU-midlane (investering og bedriftsutvikling)
 - d. Det er trong for verkemiddel for å stimulera til meir beiting i utmark.
 - e. Driftstilskot og husdyrtilskot bør prioriterast for dei første produksjonseiningane, som t.d. dei første 16 kyrne, dei første 100 sauene mv.
 - f. Det er bruk for tiltak for å redusere produksjonspresset i sauene
 - g. Det er bruk for verkemiddel for å styrke økonomien i ammeku-produksjonen for buskap opp til 20 ammekyr
 - h. Taket på investeringsstøtta bør hevast til 2,5 mill.kr og maksimal støttesats bør hevast til 40% for å stimulere til fornying av 15-30 krs fjøs.
 - i. Det er trong for auka tilskot til grøfting, og at det vert same reglar for tilskot til grøfting som for tilskot til andre investeringar (35% av godkjende kostnader).
 - j. Investeringsmidlane til Innovasjon Norge og tilskot til grøfting bør i større grad rettast inn mot utslepp av klimagassar.
 - k. Det er trong for styrka jordvern og matberedskap, som også inkluderer å halda areal i drift.
 - l. Det er trong for ekstra stimuli for å få økologisk frukt fram til marknaden.
3. Fylkeskommunen viser elles til innspela frå organisasjonane og Fylkesmannen.

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

1. Innspel frå Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag
2. Innspel frå Sogn og Fjordane Bondelag
3. Innspel frå Fylkesmannen Sogn og Fjordane

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Jordbruksoppgjeret skjer årleg ved forhandlingar mellom Staten og to organisasjonar i jordbruket, Norges bondelag og Norsk bonde- og småbrukarlag, som opptrer i fellesskap. Forhandlingane skjer på grunnlag av Hovudavtalen for jordbruket.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer å gi innspel til Landbruks- og matdepartementet framom jordbruksforhandlingane for 2018, som for tidlegare år.

Innspela byggjer m.a. på synspunkt frå Sogn og Fjordane Bondelag, Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag og Fylkesmannen, som har ansvar for landbruk i verdiskapingsplanen. Det vart arrangert møte om saka den 25.10.17 i regi av fylkeskommunen, med dei tre aktørane som deltakarar.

Grafar og tekst er primært henta frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane sine nettsider.

2. Jordbruket i Sogn og Fjordane – status og utfordringar


Areal:

Jordbruksarealet i fylket vert i hovudsak nytta til grovfôrproduksjon. Det er fulldyrka areal til slått, overflatedyrka areal og innmarksbeite som dominerer. Berre nokre prosent av arealet vert nytta til frukt og grønt, som frukt, bær, grønsaker, poteter og rotvekstar. Arealet i Sogn og Fjordane nytta til jordbruksføremål har gått gradvis ned sidan 1999.

I 2006 hadde Sogn og Fjordane ca. 459 000 daa jordbruksareal i drift. Samanlikna med 2016 er dette ein reduksjon på 34 000 daa som er 7,4 prosent ned i høve til 2006. Til samanlikning har Gloppen kommune 37 600 daa jordbruksareal i drift i 2016. Sogn og Fjordane har 4,3 prosent av jordbruksarealet i landet, og er det 11. største fylket målt etter jordbruksareal. Vi er litt større enn Hordaland, medan Rogaland har over dobbelt så stort jordbruksareal i drift som Sogn og Fjordane.

I andre kvartal 2016 var det 109 530 innbyggjarar i Sogn og Fjordane. Det betyr at vi har ca. 3,8 daa. jordbruksareal til matproduksjon per innbyggjar. Tilsvarande tal for landet er 1,9 daa.

Arealet som til ei kvar tid er i drift endrar seg og det er det mest tungdrivne arealet som går ut av produksjon som følgje av modernisering og effektivisering. Nedgangen er relativt større i kystkommunane enn i dei andre kommunane i fylket.




Grafen viser at jordbruksarealet i Sogn og Fjordane og resten av landet vert litt mindre kvart år, og at nedgangen er litt større i Sogn og Fjordane enn i resten av landet, målt i prosent.


Produksjon:

2016 var eit godt år for produksjon av mjølk i Sogn og Fjordane. Jmført med resten av landet, har det vore ein relativ auke i produksjonen sidan 2014. Sogn og Fjordane har ein mjølkekvote på 113,7 mill. liter og vi er det sjette største mjølkefylket i landet. På grunn av kvotesystemet er mjølkeproduksjonen forholdsvis stabil frå år til år.


Det vart produsert mjølk frå 814 føretak. Gjennomsnittskvoten i fylket var 130 000 liter med ei gjennomsnittleg kutsal på 18,2. Trass ein betydeleg auke i gjennomsnittskvoten har Sogn og Fjordane den lågaste snittkvoten i landet.



Grafen viser at tal mjølkebruk i fylket er på veg ned, medan tal mjølkekyr har vore stabilt nokre år.




Grafen viser at Sogn og Fjordane har ein mjølkeproduksjon som ligg under landet, i høve 2006.




Grafen viser at mjølkeproduksjonen i fylket varierer kring 2006-nivå, og at kysten har teke att det tapte i perioden etter 2006.

Når det gjeld produksjon av storfekjøtt har Sogn og Fjordane hatt ein større nedgang enn landet dei ti siste åra, med 14 %. For resten av landet har nedgangen vore 6,4 prosent. Totalt vart det i 2016 produsert 4 623 tonn i Sogn og Fjordane og 81 676 tonn i landet. Produksjonen vår utgjør 5,7 prosent av den nasjonale produksjonen i 2016 mot 6,2 prosent i 2006.



Grafen viser ein kraftig nedgang i kjøtt frå storfe og kalv etter 2006, med ein liten oppgang i 2016.


Sogn og Fjordane er det fjerde største sauefylket i landet og står for 8,7 prosent av den nasjonale produksjonen av saue- og lammekjøtt. I 2016 produserte vi 2268 tonn, og dette er 8 tonn meir enn i 2015.



Grafen viser at produksjonen av lammekjøtt i fylket har gått litt ned frå år 2000, men at den har auka dei to siste åra.


I perioden 2006 til 2016 har produksjonen av saue- og lammekjøtt i Sogn og Fjordane auka med 91 tonn. I 2006 vart det produsert 2177 tonn sau- og lammekjøtt medan det i 2016 vart produsert 2268 tonn som er ein auke på 4,2 prosent.

Om me går attende til år 2000, og ser på utviklinga fram til i dag, så gjekk produksjonen av lammekjøtt raskt ned fram til 2003. Etter det har me hatt noko lunde lik utvikling som resten av landet, men med ein relativ auke dei to siste åra.



Grafen viser den relative utviklinga av produksjonen av lammekjøtt i høve år 2000 fram til 2016 for Sogn og Fjordane og resten av landet. Etter ein nedgang dei fyrste åra, har skilnaden helde seg.

Når det gjeld frukt og grønt har Sogn og Fjordane hatt støtte auke i omsetninga etter år 2002, enn noko anna fylke i landet, og ligg i dag på topp, med kring 120 mill kr i omsetning i 2016. Det gode resultatet skuldast fyrst og fremst utviklinga innan bringebær og moreller (søtkirsebær).




Grafen viser korleis omsetninga i frukt- og grønt til produsentane har endra seg frå 2002 og fram til 2016 for dei 5 største fylka, og at Sogn og Fjordane har hatt den beste utviklinga.

Syssetting

I 2015 var 2119 personar syssette innan jord- og skogbruk i Sogn og Fjordane. Dette utgjer 3,8 prosent av dei syssette i fylket. I 2005 var tal syssette 3 427 innafør jord- og skogbruk, som var 6,3 prosent av totalt syssette. Nedgangen på 10 år var på over 1300 syssette.

For landet var det i 2015 43 464 syssette, eller 1,8 prosent av totalen. I 2005 var tala 63 591 syssette og 2,7 prosent.



Grafen viser at tal sysselsatte i landbruket i Sogn og Fjordane i prosent av totalt sysselsatte ligg godt over situasjonen for landet. Grafen viser også at Sogn og Fjordane nærmar seg landet noko.

Landbruk i Verdiskapingsplanen

Verdiskapingsplanen 2014-2525 vart vedteken i fylkestinget 11. juni 2014. For fylkestinget i Sogn og Fjordane er folketalsutviklinga ei hovudutfordring. I verdiskapingsplanen er målet om auka folketal i fylket ført vidare til ein ambisjon om arbeidsplassvekst.

Verdiskapingsplanen er utarbeidd av Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Sogn og Fjordane, NAV, KS, Innovasjon Norge Sogn og Fjordane, LO i Sogn og Fjordane og NHO Sogn og Fjordane. I verdiskapingsplanen er landbruk eitt av fleire satsingsområde.

INNSPEL FRÅ SOGN OG FJORDANE BONDELAG

Ved Anders Felde og Merete Støfring

Vi syner til innbyding frå Fylkeskommunen til å kome med våre prioriteringar i førekant av politisk handsaming av innspel til jordbruksforhandlingane 2018. Først vil vi sei at Hovudutval for Næring- og Kultur sitt innspel til jordbruksforhandlingane i 2017 inneheld mange gode punkt som vi ynskjer vert tekne med vidare i utspelet dette året.

Samstundes skjer det stadig endringar i marknadssituasjonen og politiske rammevilkår som medfører trong for forsterking av nokon verkemiddel i høve til andre. Vi gjer elles merksam på at dette innspelet kjem tidleg i prosessen før oppgjeret. Sogn og Fjordane Bondelag har frist til midten av mars med å levere vårt innspel til eigen organisasjon. Difor vert dette innspelt ikkje så detaljert som det kunne vore med ein noko seinare frist.

Prioriteringar i 2018

Økonomisk styrking av verkemiddel som tek omsyn til små og mellomstore bruk, samt geografisk innretta verkemiddel som er målretta i distrikta vil vere den viktigaste prioriteringa. Dette med utgangspunkt i at denne typen bruk har hatt ei dårleg inntektsutvikling dei siste åra. Mykje av inntektsveksten har kome på dei største einingane gjennom auka utbetaling på pris, og styrka tilskot til kvart slakt av lam og storfe uavgrensa oppover. For Sogn og Fjordane vil det vere viktig å legge til rette for betre økonomi i på mindre og mellomstore einingar. Om ein meiner alvor med at heile landet skal takast i bruk, må ein målrette verkemidlande betre slik at ledig areal i distrikta kan nyttast til produksjon av storfekjøt. Det er for produksjon av storfekjøt og deler av grøntnæringa at det er auka marknadsmoglegheiter i dag. Elles er marknaden prega av at det vert produsert for mykje. Særleg er det gjeldande for sau i desse dagar.

Marknadsbalansering

Dagens situasjon i marknaden for sau, gris og egg syner kor viktig det er med ein god verktøykasse som kan sikre at ein i størst mogleg grad klarar å produsere til ein marknad som er i balanse. Det gjev best økonomi for både bonden og samfunnet.

Prioriteringar endring av regelverk

- Utvikle og betre ordningane som kan regulere marknaden for dei ulike produksjonane
- Det må framleis vere mogleg med ei regional forvaltning av IBU midlane, der detaljane i verkemiddelbruken vert fastlagt regionalt. I fjor vart den regionale råderetten innskrenka til berre å omhandle kva produksjonar som skal prioriterast. Vi ynskjer at partnerskapen skal få større handlingsrom i å fastsetje detaljar i regelverket lokalt.

Prioriteringar på bruksnivå

- Prioritere styrking av økonomien på mindre og mellomstore driftseiningar i distrikta med grovfôrbasert produksjon.
 - Stimulere til meir beiting i utmark
 - Prioritere driftstilskot og husdyrtilskot for dei første einingane
 - Setje i verk tiltak som reduserer produksjonspresset i sauenæringa
- Styrking av økonomien i ammeku-produksjonen for buskapar med opp til 20 ammekyr
- Innføre eit driftsvansketilskot som kan kompensere for ekstra kostnader til drift av mange små teigar og bratt areal.
- I oversikta over nasjonale føringar for bruken av midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU) blir det peika på at det innan den delen som går til mjølkebruk vil vere særskilt trong for å prioritere fornying av 15-30 kysr fjøs. Skal det vere mogleg må potten aukast og regelverket for IBU midlane endrast slik at forskrifta opnar opp for ein maksimal tilskotprosent på 40. Dagens er 35. Det vil også vere naudsynt med ei heving av taket for tilskot til 2,5 millionar kroner. Skal ein lukkast med å få til nyinvesteringar på mindre og mellomstore mjølkebruk, samt få til ei satsing på ammeku i fylket vårt må økonomien i desse investeringane betrast monaleg. Mykje av dei store bygningane er allereie bygde, og vi har framleis ein situasjon der berre om lag 45 % av mjølka er i lausdrift. Skal vi få dei resterande 55 % med oss vidare må det skje ei målretta økonomisk styrking som sikrar utbyggingar der arealgrunnlaget ligg.
- Auke vesentleg tilskotet pr. dekar til grøfting. Dette fordi det er stor trong for grøfting, samstundes som det er eit svært godt klimatiltak på Vestlandet.
- Der heilt nødvendig med tiltak som kan sikre ein bærekraftig produksjon av industribær, for å kunne dekkje behovet for norske bær til konserves-industrien. Distrikts- og kvalitetstilskotet for bær må aukast for å styrkje økonomien i produksjonen.

INNSPEL FRÅ SOGN OG FJORDANE BONDE OG SMÅBRUKARLAG

Ved Brit Inger Skaar, fylkesledar

Vi lever i ei tid, da ordet effektiv, blir brukt for å oppnå størst mogleg volum og størst mogeleg økonomisk overskot. Slik også innan landbruket. Vi skal drive mest mogleg effektivt og med størst mogeleg volum. Dette har medført konsekvensar, som nedlagde gardsbruk, avfolking og sentralisering av samvirkebedriftene.

Vi lever også i ei tid, då endringane kjem raskt og omstilling er ei nødvendighet. Så også i landbruket. Likevel, er maten vi har på bordet av, det første grunnleggande behovet vi menneska har. Då er det for oss i Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag uforståeleg, at matjord opparbeidd gjennom fleire tusen år, skal leggast brakk og forbrukast.

Dette er hovudpunkta, vi i Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag legg mest vekt på og som vi vil arbeide for i dei neste åra.

- Investeringsstøtta til nybygg og utviding av sauefjøs, må stoppe. Vi ser det meir naudsynt å heller bruke den investeringsstøtta til oppgradering av allereie eksisterande bygg.
- Sogn og Fjordane har eit tak på investeringsstøtta på 2 000 000 kr. Denne må ned, slik at vi ikkje oppfordrar til å investere for stort og for dyrt.
- Vi vil arbeide for at areala på garden blir grunnlaget for investeringa. Da vil kvar enkelt gardbrukar naturleg bli styrt inn på investeringar etter ressursgrunnlaget på den enkelte eigedom.
- Jordvern er ei viktig sak for oss. Ikkje berre knytt opp mot at jordareal blir brukt til industribygg, vegar, byggefelt og parkeringsplassar, men også mot bevaring av den jorda

vi har. Ei meir effektiv drift betyr for oss at drifta av jorda tar vare på jorda. Vi må i større grad gå i retning av økologisk drift.

- Den tause kunnskapen om buskap, plantar og naturens livsløp må i større grad bli tatt alvorleg. Dette er kunnskap, som det vil ta lang tid å forske seg attende til. Kunnskap nedarva gjennom generasjonar på ein gard, om jordsmonn, vatn, plantar, naturleg medisinerer av dyr, er kunnskap vi ikkje kan tape. Spesielt i dag, då vi for eksempel står overfor multiresistente bakteriar.
- Dei pålegga, forboda og krava som blir belasta kvar enkelt bonde, må fyljast av øyremerka tilskot. I tillegg må tilskot/midlar være meir verkelegheitsnære. Har her eit eksempel frå ein fruktbonde i Sogn, som har kome med eit innspel:

For å få midlar til nyplanting i t.d. frukthage frå innovasjon er hovudkravet minimum 5 dekar og må gjennomførast på tre år. Arbeidet kan ikkje takast til før søknad er godkjent. Prosessen er slik:

1. År 1 rydding av eksisterande hage eventuelt arrondering
2. År 2 bør helst vere kvileår
3. År 3 planting oppbinding og ferdigstilling

Mange tek ikkje sjansen på å bestille nye tre før søknad er godkjent. Ved fleire høver er leveringstida på tre 2-3 år. Då dei fleste har ein viss produksjon på areal som skal fornyast vil det sei at det tek minimum 5 år frå start til ein får ei viss avling att. Dette produksjonstapet kan ikkje reknast inn i kostnadane. I tillegg er 5 da mykje for mange (burde kanskje vere krav om min. 3 da). Dei fleste fruktgardane har eit totalt areal på 30 – 40 da.

- Lokalmat er i vårt fylke ei veksande næring. Lokalmat produsert økologisk, ei næring vi i framtida må støtte. Sjølv om dei fleste tal viser stagnasjon i omsetning av lokalprodusert mat, så er det likevel ei veksande næring. For nokon små bruk, er svaret på dagens effektiviseringskrav, å selje direkte til forbrukar. Med tida, vil staten miste kontrollen over denne produksjonen, om dei fortset den politikken dei i dag utfører. Sogn og Fjordane er i ei særstilling lokalmat. I fylje Coop Vest, så omsette dei for 50 millionar i lokalmat. Her i Vest er dette særmerkt, for det gjeld ikkje andre landsdelar.

Det er byrja å danne seg grupper, som sel mat frå bonden og direkte til forbrukar. Dette er også en mogelegheit for små bruk i Sogn og Fjordane. Forbrukarane klagar ikkje over pris på mat, når dei veit kor maten kjem frå. Vi må være med i denne trenden, for å heve attraktiviteten på små og mellomstore bruk på Vestlandet. Vi i Sogn og Fjordane støttar kvar enkelt bonde. Spesielt når matproduksjon skjer økologisk, med mangfald og sikkert.

- Beredskap skal arbeidast inn. Vi må ha in matberedskap, som tar vare på den norske befolkning. Dette vil også seie å ha alle produktive jorder i drift. Om løysinga er en beredskapspott for å oppretthalde drift, størrele på bruk eller produksjon, det må diskutertast.
- Tak på kvotar er noko som må inn. Der er vi ikkje ferdig å diskutere, sjølv taket. Vi må ta vare på alle bønder. Spesielt dei nyetablerte. Det er sær viktig å lage ein svært nøktern investeringsmodell, som ikkje berre legg vekt på volum, men som også legg vekt på tilgjengeleg areal, over/under produksjon, dyrevelferd, geografi m.m.

INNSPEL FRÅ FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Vi viser til møte 25.10.2017 der de ber om innspel til dykkar arbeid med saka. Vi har arbeidd vidare med saka og har desse innspela.

Investeringspakker til små og mellomstore bruk

Satsinga på små og mellomstore bruk må halde fram gjennom at det vert utvikla investeringspakkar for dei mellomstore bruka. Avgrensa tilgang til auka kvotar, lokal grovfôrproduksjon og klimautfordringar viser at det no er rett å dreie verkemidla. Slike investeringspakkar må leggje til rette for investeringar på bruk med 15-30 mjølkekyr.

Statistikk for Sogn og Fjordane for januar 2017 viser at vi har ei tyngde av bruk i denne storleiken:

- 50,2 % av mjølkebuskapane har 10-19 mjølkekyr

- 50,2 % ammekyr-buskarane har 6-15 ammekyr
- 82,4 % av sauebuskarane har under 100 sauer
- 41,5 % av bruka med mjølkegeit hadde under 100 mjølkegeiter

Tilskot til grøfting

Den våte sommaren viser at det er eit stort etterslep på vedlikehald av grøfter. Meir nedbør har gitt oss kortare tidsvindauger der jorda er lagleg for køyring, og tunge maskiner set større krav til vedlikehald og eit vel fungerande grøftesystem. Kostanden med grøfting varierer, og på Vestlandet er kostnaden ofte over kr 10 000 per dekar. Vi meiner at det bør vere like reglar for tilskot til grøfting som for tilskot til andre investeringar i landbruket der tilskotet er 35 % av godkjent kostnad.

Regional forvaltning av investeringsmidlar

Det må framleis vere rom for ei regional forvaltning av investeringsmidlane. Gjennom partnerskapen mellom faglaga, fylkeskommunen, Innovasjon Norge og fylkesmannen har vi tatt innretta verkemidla i forhold til regionale utfordringar. Utfordringane er ulike i ulike deler av landet, og det må framleis vere høve til ei differensiering som tek omsyn til dette.

Utslepp av klimagassar

Utsleppet av klimagassar frå landbruket er primært knytt til utslepp av metan ved fordøying av grovfôr, utslepp av lystgass frå jord og tap av metan frå lager av husdyrgjødsel. For å redusere utslepp frå jord og gjødsellager treng vi nok lagerplass i gasstette gjødsellager og betre drenering av jorda. Investeringsmidlane hos Innovasjon Norge og tilskot til grøfting bør i større grad rettast inn mot tap av klimagassar, og det må setjast av meir midlar til dette.

Tilskot til økologisk frukt

Det er trong for ekstra stimuli for å få økologisk frukt fram til marknaden. Mange driv ekstensivt med økologisk frukt der den vesle avlinga vert levert til press. Økologisk fruktdyrking er krevjande, og dyrkarane treng ein sikkerheit for at dei får betalt for meirarbeidet samanlikna med konvensjonell dyrking. Forbrukarane ønskjer meir økologisk frukt, og for å sikre det må tilskotet kome på produkt som vert levert til konsum. Då kan det vere likt arealtilskot for økologisk og konvensjonell fruktdyrking, men eit auka distriktstilskot for økologisk frukt.

3. Vurdering og konklusjon

I Sogn og Fjordane har vi eit mål om auka verdiskaping i landbruket og eit berekraftig landbruk i heile fylket. Utviklinga har på fleire område gått rett veg dei siste åra, men framleis er det problem og utfordringar som berre kan løysast ved hjelp av målretta bruk av offentlege verkemiddel, betre retningslinjer, lover og forskrifter.

Auka verdiskaping krev at det finst marknadsmoglegheiter. Slike finst i dag nesten berre for produksjon av storfekjøtt og grønt. Elles er marknadane prega av overproduksjon, noko som kan vera uheldig for både økonomien til brukarane og for samfunnet. Hausten 2017 var det spesielt gjeldande for sau, med svært låge oppgjersprisar.

Når ein stangar i produksjonstaket, er det svært viktig at styresmaktene brukar verkemidla til å oppnå balanse mellom tilbod og etterspørsel, for å unngå store og uheldige variasjonar i oppgjersprisar og produksjonsvolum frå år til år. Det er også viktig å utvikla nye produkt og nye marknader, for å ha moglegheiter til å oppnå auka verdiskaping i landbruket og berekraftig landbruk.

Innspela frå landbruksorganisasjonane og Fylkesmannen går i hovudsak på ei balansert utvikling i landbruket, auka verdiskaping og berekraft, men også på støtte til å løysa særleg problem og utfordringar i fylket og globalt, som t.d. auka støtte til grøfting og støtte for å redusere utslepp av klimagassar.

Tilrådinga til Fylkesrådmannen bygger på innspela frå dei tre aktørane, saman med målsetjingane i verdiskapingsplanen.